

# Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2025

Finn inspirasjon og ressursar til gudsteneste, kyrkjeleg undervisning og læring og lokale arrangement på [ressursbanken.no/merkedager](https://ressursbanken.no/merkedager) eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne [bærekraftsboka.no](https://ressursbanken.no/barekraftsboka) gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **vedkjennande**, **open**, **tenande** og **misjonerande**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, Skaparverkets dag og fokus på misjon gjennom kyrkjelyden sin misjonsavtale og «Saman som kyrkje i heile verda»-aksjonen er særleg viktige.

## Openberringstida (tida frå nyttår til faste)

Særleg fokus på misjon i forkynning, gudstenester og ulike arrangement. Styrking av misjonsengasjementet i kyrkjelyden. [ressursbanken.no/smm](https://ressursbanken.no/smm)

**Berekraftsmål:** 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

## Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar. [ressursbanken.no/bonnesirkel](https://ressursbanken.no/bonnesirkel). Kvinnenes internasjonale bønedag vert feira første fredagen i mars. [norgeskristnerad.no/kvinnenes-internasjonale-bonnedag](https://norgeskristnerad.no/kvinnenes-internasjonale-bonnedag)

## Samefolkets dag

Ressursar finn de her: [kyrkja.no/samisk](https://kyrkja.no/samisk) og [Webinar: inspirasjon til markering av samenes nasjonaldag - Ressursbanken, Den norske kirke.](#)

## Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ei faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: [fasteaksjonen.no](https://fasteaksjonen.no)  
**Berekraftsmål:** 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

## Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen. [ressursbanken.no/skaperverket](https://ressursbanken.no/skaperverket)

**Berekraftsmål:** Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17. osv.

## Saman som kyrkje i heile verda

Frå Kristi himmelfart til jonsok kan kyrkjelyden synliggjere og styrkje kyrkjelyden sin misjonsavtale gjennom «Saman som kyrkje i heile verda»-aksjonen.

[ressursbanken.no/sammen](https://ressursbanken.no/sammen)

**Berekraftsmål:** avheng av fokus for misjonsavtalen i kyrkjelyden

## Internasjonal dag for offer som vert ramma av vold på grunn av religion eller livssyn

22. august. Sjå [FN-sambandet si side om dagen](#).  
**Berekraftsmål:** 16, med verknad for alle andre.

## Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kirkens verdensråd. [kirkeukaforfred.no](https://kirkeukaforfred.no)  
**Berekraftsmål:** 16, 17, med verknad for alle andre.

## TV-aksjonen

I 2025 går TV-aksjonen til Atlasalliansen. Den vil gå føre seg i oktober.  
[atlas-alliansen.no](https://atlas-alliansen.no)  
**Berekraftsmål:** 1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, og 10.

## Søndag for dei forfulgte

Andre søndagen i november (9. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke. [stefanus.no/for-menigheten/sondag-for-de-forfulgte](https://stefanus.no/for-menigheten/sondag-for-de-forfulgte)  
**Berekraftsmål:** 16 og 8, 10, 17.

## Global veke mot moderne slaveri

9.-16. november 2025. Nasjonal tverrkyrkjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. [globaluke.no](https://globaluke.no)  
**Berekraftsmål:** 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

## Adventstid og jul

Her finn de Kirkens nødhjelp sine ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaftan: [kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul](https://kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul)



DEN NORSKE KYRKJA



KIRKENS NØDHJELP  
actalliance



Norges Kristne Råd